



BERGEN ELOKSAL AS
Kokstaddalen 30
5257 KOKSTAD

Rapport etter tilsyn hos Bergen Eloksal AS, 11. juni 2025

Kontrollnummer: 2025.262.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 11. juni 2025 hos Bergen Eloksal AS (organisasjonsnummer: 980 018 423).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglar ved rutinar for handtering av ordinært og farleg avfall

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Bergen Eloksal AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan **1. september 2025**.

De må betale gebyr

Bergen Eloksal AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2022/3956.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngeving

Avvik 1: Verksemda har manglar ved rutinar for handtering av ordinært og farleg avfall

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- avfallsforskrifta § 11-12 om deklarasjonsplikt
- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar, jf. forureiningsforskrifta § 32 om handtering av næringsavfall

Om krava

Deklarering av farleg avfall

Alt farleg avfall som oppstår i samband ved aktivitet ved ei verksemd, skal ved levering til godkjent mottak deklarerast i avfallsdeklarering.no.

Levering av næringsavfall til lovleg avfallsanlegg

Den som produserer næringsavfall, skal sørge for at avfallet vert sendt til lovleg avfallsanlegg, eller går gjennom gjenvinning, slik at det anten sluttar å vere avfall eller på annan måte kjem til nytte ved å erstatte materiale som elles ville vorte brukt.

Verksemda må kunne dokumentere korleis avfall frå drifta vert handtert, og ha rutinar som sikrar at avfallet vert handtert i samsvar med lovkrav. Dokumentasjonen må vere skriftleg.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Deklarering av farleg avfall

Farleg avfall som oppstår jamleg ved verksemda vert deklarerert før levering til godkjent mottak. Farleg avfall som oppstår sporadisk, i mindre kvanta, som til dømes spillolje etter vedlikehald på kompressorar, vert levert til godkjent avfallsmottak utan at det vert deklarerert og registrert på verksemda.

Dokumentasjon på levering av næringsavfall til lovleg avfallsanlegg

Leknes Containerservice AS transporterer ordinært avfall for verksemda, men selskapet er ikkje eit avfallsmottak. Bergen Elokstal har etter oppmoding frå Statsforvaltaren, i samband med eigenkontrollrapporten for 2024, fått oversendt dokumentasjon frå Leknes om kor avfallet vert levert. Dei har elles inga rutine for å etterspørje kor avfallet går etter henting ved verksemda. Under tilsynet kunne ikkje verksemda fortelje kor Leknes Containerservice leverer avfallet.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Bergen Elokstal AS må betale eit gebyr på 31 200 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr under tilsynet 11. juni 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus. Verksemda driv med overflatebehandling av metall ved hjelp av ein kjemisk prosess, og har behandlingsbad med volum på over 30 m³. Dei fell difor inn under industriutslippdirektivet (IED), og har krav om tilsyn frå forureiningsstyresmaktene kvart 3. år.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Mari Katrine Berg-Arnesen
- Ingrid Torsnes

Kontaktperson hos verksemda:

- Pål Midtgaard

Anlegg

Anlegget til Bergen Eloksal AS på Kokstad, Bergen, vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- risikoanalyse tankanlegg, sept. 2024
- risikoanalyse kjemi
- risikoanalyse pulverlakk, sept. 2024
- risikoanalyse propan anlegg, sept. 2024

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Aktiviteten fell inn under BREF for overflatebehandling av metall og plast

Verksemda har kjemisk overflatebehandling av metall, stort sett aluminium, før pulverlakkering. Dei har behandlingsbad, med eit samla volum på omtrent 70 m³. Dei er difor omfatta av det europeiske BREF-dokumentet «[Overflatebehandling av metall og plast](#)». Gjeldande BREF for bransjen vart vedteke og publisert av EU-kommisjonen i 2006. Første utkast av revidert versjon vart publisert i februar 2025, og det er venta at ny BREF blir vedteke i 2026. Utsleppsløyvet skal vere oppdatert i samsvar med reviderte krav innan fire år etter publisering. Vi tar kontakt med verksemda etter at dei reviderte krava er vedtekne og publisert.

Ein BREF, eller Best Available Techniques Reference Document, er eit referansedokument utarbeidd av EU som skildrar dei beste tilgjengelege teknikkane for å redusere miljøpåverknaden frå ulike industrielle prosessar. Dokumentet gir ei grundig oversikt over korleis ei bestemt bransje opererer, kva utslepp og miljøutfordringar som er knytte til aktivitetane, og kva tekniske metodar og tiltak som blir rekna som dei mest effektive og miljøvennlege.

Avvikla tilbod om elektrolytisk overflatebehandling

I mars/april 2022 vart tilbodet om elektrolytisk overflatebehandling avvikla. Bergen Eloksal har no reindyrka tilbodet om pulverlakkering, og som eit resultat av dette har dei planlagt å rive ein del av produksjonslinja.

Substituert kjemikal med krom-6

Bergen Eloksal har fasa ut kjemikalier med innhald av krom-6, og bruker no eit krom-3-alternativ.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Dagleg leiar, Bergen Eloksal AS